

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bømlo

Emne: GIFTEFERDIG UNGDOM .

Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. Tvedt ,

Gard: Vorland

(adresse): Bømlo.

G.nr. 59 Br.nr. 36

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest egen røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Dei eg har tala med har ikkje visst meir enn eg sjølv.

## SVAR

II. Synet på giftarmål.  
Kva var sømeleg giftarmål?

- Sp.1. Det var ingen regel om det. Men oftast var det gutar og jenter frå same bygd som gifte seg.
2. Berre ein vart "godt gift", så var det vel nok om ein gifte seg ut or si eiga bygd. Men det tok alltid ei stund for ein innflyttar å slå rot i ei frammand bygd. Og det skulle både takt og forstand til å bli anerkjent i ei ny bygd. Nokon klarte det etter nokre år. Andre følte seg aldri heime der, og nokon lengta til fødebygda all sin dag.
3. Ja, det vart sagt at "like born leika best".
4. Ja, utan forskjell.
5. Nei, men foreldra sa si meining om den det var tale om å gifta seg med og føyde gjerne til: "men vil du slita livet ihop med han (eller ho) så vert det til slutt di eiga sak." e.l.
6. Nei, her var ikkje større gardeigarar. det var berre større og mindre småbruk.
7. Nei, det har eg aldri høyrte har hendt her.
8. Nei. ikkje anna enn når Per si dotter gifte seg med son av Ola - og Ola si dotter gifte seg med son av Per. Den slags har hendt fleire gonger i mi tid.
9. Nei, den slags berekning veit me lite om i Bømlo. Den vanlige grunn var "gjensidig sympati" hos dei unge.
10. Fleire her har gift seg med syskenbarn, men det meinar folk er ikkje så bra, for det kan bli lekamleg eller åndeleg veikskap hos deira avkom.
11. Nei, det var likt.
12. Ja, det har hendt. Dotter av presten gifte seg (1897) med husmannssoenen. (Gg ekteskapet vart lukkeleg).
13. Nei, det var ikkje vanleg meining.
14. Når det vert strid, blir det alltid nokon som held med den eine - og nokon med den andre parten.
15. Nei, dette er ukjent her.
16. Nei, dette kjenner eg ikkje døme på.
17. Nei, her var ikkje soverne grupper. Her var mest berre småbrukarar og fiskarar, som levde under noko så nær same forhold.
18. Nei, enkjer stod på like fot med jenter.
19. Ein må seia, at både gutar og jenter stod fritt og



- på likefot. Vart ein glad i jenta (eller guten) så såg ein korkje etter "bankbok" eller "kommode".
- 20. Nei, ikkje anna enn segn om, at dersom ein bar ein øl-bolle med øl 3 gonger rundt huset kl 12(24) julenatta så kunne ein koma til å sjå den ein skulle verta gift med.
- 21. Nei, slike hugvendingsdropar er ukjende her.
- 22. Fell bort.
- 23. Det var god folkeskikk, at gut og jenta synte seg så lite som mogeleg ilag om dagen (utan at dei var tru-lova). Dei var redd folesnakk.

II. N a t t e f r i i n g .

- 24. Nattefriing er nok ikkje heilt slutt ennå. Men alt i mi ungdomstid (1899 -1909) var det slutt med å gå til jenta med natta, utan at det var avtala med jenta, at ho ville ta imot. Men var det avtala med jenta, så var det open dør.

Var det gut og jenta som hadde fått godhug for einannan, så hadde dei hug å få tala ut om sine kjensler - og det fekk dei best, når dei var åleine om natta (laurdagskvelden). Var det kalt, og jenta var særsgla i guten, fekk han gjerne koma under dyna til henne. Men ei anstendig jente slepte aldri guten til med noko meir.

Å fria i flokk (fleire gutar samtidig) har ikkje vore vanleg her - det eg veit. Men ei jenta som tok imot "kven som helst", og som ordens gutar ikkje respekterte, kunne nok få besøk av fleire gutar på ei og same natt - både i flokk og enkelt vis. Det slutta litt etter litt, og er no heilt slutt. Men ennå tek jenta med seg inn ein gut (etter at folk i huset er gått tilsengs), dersom dei to er interessert i einannen.

- 25. Er det ein som har "ørlege hensikter" vert han kalla nattefriar. Er det ein som går ei natt til ei jente og ei annan natt til ei annan jente vert hankalla : nattelaupar.
- 26. Sjå sp.25.
- 27. Har ikkje vore vanleg her.
- 28. Ja, sjølvsagt. Dei vart konf. 14 år gamle, og før den er dei då berre born. Noko viss alder var det ikkje . Det kom an på utvikling og modning.
- 29. Det var ikkje sp. om kvar gutane var ifrå, berre dei var der. I fisketida kunne dei vera frå heile Vestlandet.
- 30. Her var ikkje større sosial skildnad(småbr. og fiskarar).
- 31. Nei, det var ikkje visse netter.
- 32. Nei, det var som mellom rivalar.
- 33. Ikkje flokkfriing her. (Sjå sp.24)
- 34. Nei, det kjenner eg ikkje til.
- 35. Det var helst laurdagskvelden.
- 36. Nei, noko forbud har eg ikkje høyrte gjete.
- 37. Nei, her var ikkje grupper.
- 38. Nei, det har eg ikkje høyrte om.
- 39. Nei " " " " " "
- 40. Ja, det var det.
- 41. Det var så ymest . Likte dei friaren var dei velnøyg-



de. Var dei ein dei mislika, hende det at far til jenta jaga han på dør.

- 42. Ein velsedd friar tok jenta vel imot, og gjorde han til viljes - mest på alle vis.
- 43. Nei, det var ikkje vanleg å dra noko med seg.
- 44. Nei det hōvde ikkje med natta.
- 45. Nei, ho baud ikkje på noko, men å visa kven ho likte best, det klarte ho då som no.
- 46. Nattefriing i flokk kan ein seia her ikkje var.

Den einslege nattefriaren .

- 47. Fell bort.
- 48. Fell bort.
- 49. Ja, det var om å gjera.
- 50. Han gjekk til dei begg vart klår over, om dei ville ha kvarandre. Det vart antan truloving eller jenta viste han frå seg - eller guten ikkje kom att.
- 51. Bindande løfte om giftarmål var berre forlovelsesringar. Men små-gåver kunne vera av mange slag. Guten kunne gi brystnål (sylja), venskapsring, eit tørkkla e.a. Jenta kunne gi venskapsring, strikka sjerf, sokkar våtter, e,a, ho trudde guten lika å få.
- 52. Det kunne vera kven som helst av folk, som var innstilt på å gjera fantestykke. Noko særgruppa kan ikkje nemmast.
- 53. Det er ikkje kjent, at nokon gjorde det her.
- 54. Fell bort.
- 55. Fell bort.
- 56. Nei, om nokon vart ute for fantestykke, så var det ikkje derfor sagt, at dei var trulova.
- 57. Her var ikkje sæterdrift.

III. A n d r e m å t a r .....

A. På kyrkjebakken.

- 58. Ja, men dei var altfor blyge til å utsetja seg for "alles blikk". Det kunne bli eit smil og eit nikk med hovudet i forbifarten.
- 59. Nei, det var uhøyrte.
- 60. Nei, her var så korte avstander, at ein hadde ikkje mat med til kyrkja.
- 61. Det har vore så , at gutane skulle ta initiativet , men ville ei jenta tala med ein gut, så kunne ho gjera det - og fleire gjorde det. Eg kjenner døme på , at det vart truloving ved at jenta fyrst vende seg til guten.
- 62. Det høve har alltid ei jenta - og det gjorde ho - då som no.
- 63. Nei, eg kjenner ikkje til at der er gitt korkje påske-egg eller andre gåver ved kyrkja eller på kyrkjeveg.
- 64. Nei, dei fleste hadde så kort veg, at dei trong ikkje kvila.
- 65. Nei, det hende ikkje her.
- 66. Nei, det var utenkjeleg.

B. G j e s t b u d .....

- 67. Det var alltid gjestebod i julahelga (men meir sjeli påske og pintse.) Ved barnedåp og ved gravferd var







ta dei seg saman og gjekk til ei sjøbu. Til vanleg var son eller dotter av eigaren med og lukka opp. Så fekk dei fat i ei løkt (lanterna eller til nød ei fjosløkt). Og så tok dansen til - til trekkspeltonar. Ein kan ikkje seia at nokon einskild hadde ansvar. Dei var alle like. Hende det at dei braut seg inn i ei bu, så fekk ein aldri greie på kven som braut opp døra - dei heldt saman som erteris, ingen visste kven.

101. Ja, dei hjelptest åt.  
 102. Det var ikkje nokon einskild som sytte for spelemann. Den som hadde trekkspel tok det med, og så byttetst dei med å spela - dei som kunne.  
 103. Der var ikkje noko utgifter.  
 104. Nei, det kan ein ikkje seia.  
 105. Dei rende på kjelke og på skeiser. Ski var ikkje brukta her. (for lite snø).  
 106. Ja, det var vanleg. Men å spyrja om serskilt løyve var ikkje vanleg. Dei gjekk aldri i arbeidstida. Det var sundag ettermiddag eller om kveldane.  
 Ei tenestjenta kunne (likevel om det var kveld) spyrja, om ho kunne gå. Men dei fleste husmør skjønna når jenta hadde hug til å gå, og gav løyve utan at jenta spurde.  
 107. Nei, det var ingen skilnad.  
 108. Det kunne det nok vera, utan at eg kan nemna noko døme på det.  
 109. Korkje born eller tenarar vart nekta utan sær s grunnar. T.d. om isen var usikker. Av religiøse, sosiale eller økonomiske grunnar avrt ingen nekta.  
 110. Ja, for dei skjønna at foreldra berre ville dei vel.

#### IV. J u l e t r å d .

111. I Bømlo er dette ukjent, men eg kan minnast at bestemor mi på Tysnes sa: "Eg fekk ein driftig sponakadl (spinnkall) i år." Det var den første mannperson som kom inn i stova etter ho tok inn rokken etter nyttår.  
 112. Nei, embetsmann har eg ikkje høyrte nokon har kalla han.  
 113. Nei, det har eg ikkje høyrte.  
 114. Dette er heilt ukjent her.  
 115. Det måtte ho vel kunna, men eg kjenner ikkje til det.  
 116. Ukjent for meg.  
 117. " " "  
 118. Ja, alle som kom inn før den 13<sup>de</sup> januar (20<sup>de</sup> Knut) fekk ikkje gå ut att or huset utan å ha fått mat og drikke. Elles bar dei jula ut, og det var skam for husetsfolket.  
 119. Ukjent for meg.  
 120. " " "  
 121. Ja, sjå sp. 118.  
 122. Ukjent for meg.  
 123. " " "  
 124. Nei, det kunne dei ikkje tru, for det kunne vera ei ung jenta, som fekk ein gamal mann til spinnkall.  
 125. Heilt ukjent.  
 126. " " "  
 127. " " "  
 128. Ja, det var vanleg seiemåte.  
 129. Ja, eg veit det vart gjort av ei jenta i 1908.